

Fra: Eirik Herdlevær Søyland (Eirik.Soyland@bsj.uib.no)
Sendt: 20.10.2014 08:16:06
Til: Heidi Handeland
Kopi: ashild@abo-ark.no

Emne: RE: Marinarkeologiske registreringar - områderegulering Skaganeset, Sund kommune
Vedlegg: image001.jpg

Vedr. Marinarkeologiske registreringar - områderegulering Skaganeset, Sund kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post frå Abo-arkitekter 01.10. 2014.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Syner til samtale mellom vår Arild Marøy Hansen og representant for Abo-arkitekter Sjur Hjeltnes. Etter ei ny vurdering finn me det ikkje naudsynt med registrering. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa og trekk kravet til marinarkeologiske undersøkingar.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar/Marinarkeolog
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no
www.facebook.com/Sjofartsmuseum

From: Åshild Blomdal [<mailto:ashild@abo-ark.no>]
Sent: Wednesday, October 01, 2014 3:59 PM
To: bergens.sjofartsmuseum@bsj.uib.no
Subject: Marinarkeologiske registreringar - områderegulering Skaganeset, Sund kommune

Viser til Sjøfartsmuseet sin uttale i denne saka datert 12.10.2012, ref 12/0924/995.

Etter høyring av planprogrammet er plan nr 1, nr 2 og nr. 3 slått saman til ein samla plan. Planane omfattar to alternativ, oppgradering av eksisterande veg og etablering av ny veg. Begge planane omfattar Skaganeset industri- og hamneområde, sjå vedlagte plankart. Områderegulering med KU har vore på høyring.

Hordaland fylkeskommune har fremja motsegn mot planen pga manglande marinarkeologiske registreringar. Vi ber i denne samanheng om eit budsjett for registrering av sjøområda der er planlagt tiltak.

Ber om tilbakemelding på kva materielle de treng for å kunne sette opp eit budsjett.

Med helsing

Åshild Blomdal



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS
tlf 99 76 97 16

ashild@abo-ark.no
www.abo-ark.no